

Styremøte SFSG 31.3 – 1.4.17 Quality Hotell Sogndal

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Odd-Jarle Øvreås, Thomas Manseth Bjørhovde, Solgun Haugen og Jostein Flatland (dag 2)

Sak 13/17. Arrangement/møter styremedlemma har delteke på sidan forrige styremøte

Jo: Representantskapsmøte og landsmøte NSG i Oslo, årsmøte Fresvik sau og geit/Fresvik beitelag SA.

Solgun: Landsmøte NSG

Ragnhild: Møte i beitegruppa, årsmøte Sogn og Fjordane bondelag, Representantskapsmøte og Landsmøte i NSG.

Thomas: Landsmøte i NSG.

Odd-Jarle: Ingenting

Sak 14/17. Oppsummering/orientering etter Representantskapsmøte og Landsmøte i NSG.

Representantskapsmøte og Landsmøte vart arrangert 14-16.mars på Quality hotell 33 i Oslo.

Ragnhild og Jo var med på Representantskapsmøte og Landsmøte. Thomas, Solgun og Tom Idar Kvam møtte på Landsmøte.

Det vart servert mykje god mat av lam i løpet av desse dagane.

Det vart bestemt at det no skal vera årsmøte kvart år i staden for Landsmøte annakvart år. Representantskapsmøte vert berre om hausten.

Sak 15/17. Nytt avlsutval sau frå 1.7.17 - 1.7.19

Nytt avlsutval for sau i Sogn og Fjordane 1.7.17 – 1.7.19 vert;

Tom Idar Kvam - leiar

Thomas Manseth Bjørhovde – ny representant frå styret i SFSG – nestleiar

Einar Helge Haugstad – kåringsansvarleg

Kjell Olav Kusslid – bruksbesetning

Johannes Nedrebø - Nortura

Leif Tore Kårstad – vara

Egil Ove Helleland – vara

Me treng å få utdanna nye kåringsdommarar. Ha som mål å utdanna eit par nye dommarar kvart år.

Sak 16/17. Gjetarhundnemnda 1 år

Gjetarhundnemnda det neste året vert;

Kurt Magne Fardal

Roger Løvik

Knut Alsaker

SFSG sin representant vert Odd-Jarle Øvreås, som òg vert leiar for gruppa.

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sak 17/17. Geitegruppa 1 år

Geitegruppa for det neste året vert;
Ragnvald Søgnesand
Sigurd Vikesland
Rune Myklebust

SFSG sin representant vert Jo Risløw, som òg vert leiar i gruppa.

Sak 18/17. Representantar i SFSG med på fokus rovdyr

Solgun og Ragnhild skal ha fokus på rovdyr.

Sak 19/17. Leiar for Gjetarhunderådet i NSG, innstilling frå SFSG

Gjetarhunderådet består av ein person frå kvart område. Leiar vert valgt utanom dette.

SFSG sin kandidat som leiar i Gjetarhunderådet er Stig Rune Størdal.

Solgun sende e-post til Cathinka med kopi til Wallin med beskjed om kven som er SFSG sin kandidat.

Sak 20/17. Vikane sau og geit – markering

Vikane sau og geit fylte 50 år i 2016, og dette skal markerast 7.april i Liatunet (Innvik).
Me vart einige om å kjøpa boka «Ein hyllest til lammet».

Sak 21/17. Oppdatering av heimesida og styret hjå NSG

Johnny har fått oversikt over det nye styret til utlegging på heimesida.
Styret i SFSG må òg oppdaterast hjå NSG.

Sak 22/17. Apotekavtalen

Apotekavtalen går ut på at medlemmar i NSG får litt billegare medisin til dyr. Dei har fått til avtalar på dette i Rogaland for 2017. Då må me kunne få til det her i fylket òg.

Sak 23/17. Fylkesfellingslaget

Fylkesfellingslaget skal omorganiserast. Kvar kommune skal ha fått brev om å plukka ut 2 representantar/personar til fylkesfellingslaget. Tilbakemelding frå kommunane innan 1.mai.

Sak 24/17. Rentetilbod

Jo informerte om korrespondansen og tilbod som er kome frå Sparebanken Sogn og Fjordane.

Jo får fullmakt til å bitta kr 300 000,- med fastrenta i 1 år.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sak 25/17. Reiserekningar for SFSG

Jo gjekk gjennom mal for reiserekning for SFSG.

Km sats er kr 3,50,-

Møtegodtgjersle kr 1300 pr dag (sjå elles referat frå fylkesårsmøte)

Sak 26/17. Slaktetilskotet

Styret i SFSG diskuterte problemstillinga/utfordringa, og ting som kom opp var;

- Kan få eit problem med at folk tilpassar seg og ein risikerer å få ein del "kraftfôrlam"
- Forslag om at grensa for å få utbetalt lammetilskotet/slaktetilskot lam kan følgja same krav til klassifisering som stjernelam.
- Laga til trappetrinn med satsar dvs ulik sats alt etter kor mange lam som vert levert.
- Kombinasjon av krav om ikkje feitttrekk og tak på antal lam.
- Ikkje tilskot for "blaolam" levert i td perioden 1.6 – 31.12, men kva då med påskelam.
- Redusera sats og flytta over på utmarksbeitetilskot.

Konklusjon frå styret i SFSG vart;

Fjerna tilskot på dei med feitttrekk dvs frå 3+ oppover. Dette er lett å gjennomføra . Dette ville utgjort ca 40000 lam i 2016. Ein bør i tillegg vurderer å auka krav frå O til O+, men her bør det innhentast meir informasjon om raseforskjellar. Event innføra tak på antal dyr, med struktur og trappetrinn.

Styret i SFSG meiner òg at ein bør høyra kva so ligg bak talet på antal makslam. Er dette noko som er fast eller vert det forhandla. Denne saka er komen opp alt for seint. Det er ein dårleg prosess. Fylkeslag burde fått uttale seg òg, ikkje berre NSG sentralt. Det bør informerast ut til sauebønder før jordbruksforhandlingane, men beskjed om kvifor vert slik at når eit tak.

Sak 27/17. CWD – forbod mot utlegging saltstein i alle kommunar i Nordfjella

SFSG hadde fått e-post frå Lærdal sankelag/Lærdal Sau og Geit med oppfordring om at SFSG engasjerte seg i saka. Ein har òg fått e-post frå Buskerud Sau og Geit.

Mattilsynet har sendt på høyring «Forslag til soneforskrift ved påvising av skrantjesjuka». Der det blant anna er forslag om totalforbod om å leggja ut saltstein som kan vera tilgjengeleg for hjortedyr i alle kommunane som høyrer til Nordfjella. For Sogn og Fjordane gjeld dette Lærdal og Aurland.

Det skal vera eit møte i Hemsedal 7.april der denne forskrifta er tema, der blant anna fylkesbondelaga og fylkeslaga i Sau og Geit i Buskerud/Sogn og Fjordane, respektive beite/sankelag i kommunane i Nordfjella, Norges Bondelag og NSG er invitert.

Det skal òg vera eit møte i Borgund 5.april i regi av Lærdal sankelag/Lærdal Sau og Geit der beite/sankelaga i Aurland er invitert i tillegg til Sogn og Fjordane Bondelag og SFSG.

Solgun reiser som SFSG sin representant på begge desse møta, og held resten av styret i SFSG oppdatert. Me tek at saka i etterkant. Me må vurderer om me skal senda innspel åleine eller saman med Lærdal.

Det vart diskutert litt rundt temaet med forbod mot å leggja ut saltstein som er tilgjengeleg for hjortedyr. Staten/det offentlege må koma med midlar til å setta opp anretningar for å hindra at hjortedyr kjem inn. Det er viktig å ha fokus på å redusere hjortebestanden.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sak 28/17. Markering av at Sogn og Fjordane Sau og Geit er 70 år i 2018

Sogn og Fjordane Sau og Geit er 70 år 15.3.18

Styret bestemte at det skal markerast saman fylkesårsmøte 23-24.februar 2018.

Sak 29/17. Geitehelg/geitedagane.

Geitedagane er eit årleg arrangement i regi av TINE og NSG.

TINE tek betalt for planlegginga, men stiller med gratis forelesar. NSG tek ansvar for arrangeringa.

Geitedagane 2017 skal vera 25.-27.august i Hordaland, Voss.

Geitehelga vert arrangert i Jølster kvart år. Denne er òg julebord, og det er både fagleg og sosialt.

Det er no kome forslag om å samordna geitehelga og geitedagane, og ha dei annakvart år. Dvs Geitedagar i 2017 og geitehelg i Jølster i nov 2018.

Geitegruppa har sagt dei skal prøva eit år til med Geitehelg.

Jo sjekkar med geitegruppa kva dei meiner om samordning til neste styremøte.

Sak 30/17. Geit-og kje festival 2017

Det vert arrangert "Geit-og kje festival" i Oslo i Mathallen 4-7.5.17.

NSG skal ha stand og geitebønder skal ha stand.

Det er kome spørsmål om å få sendt folk dit for å stå og snakka.

Om dekking av reiseutgifter vart det bestemt at SFSG dekker reisutgifter til Jo viss han reiser, elles må ein bruka av geitegruppa sine midlar.

Sak 31/17. Nye analysemetode for bakterietal på geitemjølke

Ny analysemetode har slege dårleg ut for einskilde geitebønder. TINE kallar no inn til grupperådgjeving med tema nye prøvar for geitemjølka. For dette tek dei kr 1000,- + kr 500,- for nr to, og dette reagerer folk veldig på. I tillegg tek TINE kr 1000,- for dagen for rådgjeving.

Det er positivt at får kjappare svar med dei nye prøvane.

Geitegruppa følgjer opp dette.

Sak 32/17. Brev frå Nortura ang organisasjonsnummer.

Nortura krev organisasjonsnummer og registrering i føretaksregisteret. Blant anna for å betala ut ulltilskot. Det vert teke med informasjon om dette i neste medlemsinfo.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sak 33/17. Hornindal sau og geit

Hornindal sau og geit har vore i kontakt med fylkeslaget. Dei har ikkje organisasjonsnummer og lurde på kva dei skulle gjera no. Ynskte å få ei oppdatert medlemslista. Det skulle vera møte 6.april og dei lurde på standarvedtekter. Dei trengde hjelp med registrering.

Det er sendt forslag på vedtekter, og dei har fått beskjed om å ta kontakt med Jo Risløv ang registrering. Alle lokallag skal vera foreining og følgja NSG sine lover/vedtekter.

Sak 34/17. Arbeidsplan 2017 for Sogn og Fjordane Sau og Geit

Styremøter etter behov

Geitehelg i Jølster – geitegruppa har ansvaret for dette

Leiarsamling i slutten av oktober

Planlegga årsmøte 2018

Jordbrukstingingane 2018. Dette vert tema på leiarsamlinga som dei siste åra.

Fagtur

Småfesamlinga 2018 (12-13.1.18)

Medlemsverving

Referent; Solgun Haugen

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599